



Voss Herad

Dato: 20.12.2019

Vår ref.: 2018/7846

Saksbehandlar: liztoll

## Foreløpig svar - offentleg ettersyn av KPA for Voss herad

Vi viser til brev om høyring av forslag til kommuneplanens arealdel (KPA) for nye Voss herad. 1.1.2020 slår fylkeskommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane seg saman til Vestland fylkeskommune, og i følgje nytt delegasjonsreglement skal fråsegn til kommuneplaner vert politisk handsama i Vestland fylkesutval. Fylkeskommunen er innvilga utsatt frist til 3. februar for politisk handsaming og endeleg fråsegn i saka. Etter nærmere gjennomgang av saka så ser vi at planen stirr mot viktige regionale planar og føringar, og det er behov for eit dialogmøte før vi gjev endeleg fråsegn. Vi ber difor om ytterlegare utsett frist for politisk handsaming, som vert avtala på dialogmøtet.

Etter avtale sender vi over eit førebels fråsegn som tar opp nokre av elementa som vi meiner vert viktige i vidare arbeid med kommuneplanens arealdel, men det kan vere aktuelt å ta opp fleire ting i eit dialogmøte på nyåret.

### Handsaming i Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune har i Fylkestinget, sak 2019/13, vedteke *Reglement for folkevalde organ og delegering, Reglement for delegering etter særlov, lov om planlegging og byggesaksbehandling* av 27.06.2008 nr 71. I § 5 – 4 første ledd (s. 71) vert Fylkesutvalet delegert «mynde til å fremje motsegn til forslag til kommuneplan, kommunedelplan, område- og detaljreguleringsplan.». I § 5 – 4 andre ledd vert Fylkesrådmannen delegert «mynde til fremje motsegn til tema i arealplanar som ikkje er av prinsipiell karakter, og som har vesentleg negativ verknad for myndeområda fylkeskommunen skal ivareta».

Fylkesrådmannen legg til grunn at reint formelle, tekniske manglar i planframlegget vert handsama med administrative motsegner. Saker der det er rom for politisk skjønnsutøving vert rekna å vere av prinsipiell karakter og såleis handsama med eit politisk vedtak. Om det politisk vert fatta vedtak i strid med administrasjonen sine faglege tilrådingar skal Riksantikvaren underrettast, slik at Riksantikvaren på sjølvstendig grunnlag kan vurdere om dei skal overta fylkeskommunen sin myndighet, jf *Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven*, § 7. *Underretningsplikt mv.*, 3. ledd.

Fylkesrådmannen finn òg at tilrådingane i dei særlege planfaglege merknadane i saka bør handsamast av Fylkesutvalet.

### **Saksutgreiing**

Det vart varsla oppstart av arbeidet med kommuneplanen (2020-2032) for Voss herad i januar 2018, med planprogram. I fråsegn til oppstartsmeldinga rådde vi til å legge særskilt vekt på folkehelse, omstilling til *Det grøne skifte*, næringsutvikling, styrka senterstruktur og planleggje for rett handel på rett plass, samordna transport, areal- og bustad, samt ta omsyn til landbruks- og kulturminneverdiar i det vidare arbeidet.

1.4.2019 deltok nye Voss herad i regionalt planforum med representantar frå begge kommunane. Senterstruktur, arealstrategiar, samferdsle, klimatilpassing, kulturminne, mineralressursar, massedeponi og strandsone vart særskilt drøfta.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til fråsegn til oppstartsmeldinga i brev av 6.3.2018.

#### Senterområda sett i lys av samordna bustad- areal- og transportplanlegging (BATP)

Fylkeskommunen viser til dei nasjonale måla som er nedfelt i *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig, areal- og transportplanlegging* som vart vedteken i 2014. Hensikta er at planlegging av utbyggingsområder og transportsystem skal legge til rette for mest mogleg effektiv og miljøvennleg transport slik at transportbehova kan reduserast. Oppfølging av dei nasjonale målsettingane er innarbeid i regionale styringsdokument, til dømes i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* og *Regional transportplan for Hordaland*. Her er det mellom anna lagt vekt på eit utbyggingsmønster gjer det mogleg å gå, sykle eller nytte kollektivtransport til handel og tenester.

Målet om å nå nullvekst i personbiltransport og arealplanlegging heng tett saman, og føringar for dette arbeidet vert lagt i kommuneplananes arealdel (KPA). Høyringsdokumenta for KPA tek opp mange viktige tema for å kunne imøtekome nasjonale og regionale forventingar knytt til samordna BATP i nye Voss herad. Mellom anna er det lagt til grunn ein strengare og meir transporteffektiv arealstrategi der ulike innspel er nøye vurdert ut frå dei definerte senterområda. Dette gjeld både arealformål knytt til bustad, fritidsbustader og næringsareal. Vidare er det teke omsyn til den eksisterande bustadreserven i både Granvin og Voss kommune som gjer det mogleg å utvikle områder utanfor dei definerte sentra. Dette, saman med manglande sentrumstilknyting, gjer at administrasjonen foreslår å ikkje gå vidare med ei rekke forslag til ny arealbruk. Mellom anna er fleire områder med bustadformål nær Bjørgum ikkje tilrådd.

Planomtala nemner samstundes at det er eit politisk ønskje om å levande grender, og ein del av områda som ikkje vart tilrådd av KU eller administrativt er vedteke endra til tilrådd. Fleire av desse områda bør vurderast på nytt opp i lys av avstand til kollektivtilbod og barnehage skole. Dette gjeld til dømes Helgeland i Myrkdalen og Tjoflot i Granvin. Vidare bør kommunen vere varsam med å utvikle områder som ligg utanfor eit definert sentrumsområde. Dette gjeld til dømes Haug i Bordalen som er eit større bustadområde utanfor Voss sentrum. Derimot kan det forsvarast å la Bakkane i Granvin inngå i arealdelen då området er svært sentrumsnært og med kort avstand til skole og daglegvare. Ikkje-utbygde områder er ikkje vurdert tilbakeført til LNF-formål i lys av målsetningane i planprogrammet om ein sterkare senterstruktur. Fylkeskommunen vil rá kommunen til å vere enda tydelegare i prioriteringa av dei ulike senterområda, og avgrense bustadutviklinga der det manglar trafikksikker tilkomst og eit tilfredstillande kollektivtilbod til daglege gjermål.

#### Senterstruktur

Vedlagt framlegg til KPA ligg temakart som syner avgrensinga til en *indre* og *ytre* sentrumssone for regionsenteret Vossevangen, lokalsentra Granvin, Skulestamo og Palmafossen og 5 nærsentra. Det er knytt retningsliner til senterstruktur jf. kap.2 punkt. 6.13.4; Andre retningsliner. Det er positivt at retningslinene nemner at senteromlandet for lokalsentra og nærsentra avgrensar område for byggeaktivitet, og at detaljhandle med utvalsvarer bør etablerast i regionssenteret. Men omgrepet *retningsliner* skal berre i avgrensa grad nyttast i plannivået for KPA, og sikrar ikkje i tilstrekkeleg grad ein balansert senterstruktur kor sentrale funksjonar som handel, kontor og offentlege tenester vert lokalisiert på rett plass. Desse elementa må forankrast gjennom bindande føresegner. Slik planen ligg føre no, gjev han for vide rammer for handelsetablering og vil stri mot *Regional plan for attraktive senter*.

Avgrensinga av lokalsentra Palmafossen med eit strekk på opp mot 1300 meter, strir med retningslinene 2.3 nedfelt i *Regional plan for attraktive senter*, som seier at tilbod bør i høg grad bør konentrerast i lokal- og nærsentra. Retningslinene seier at kommunesenter som er nivået over lokalsenter, ikkje bør ha utstrekning over 600 meter.

Palmafossen ligg nære Vossevangen, og utgjer ein potensiell handelslekkasje til Vangen. Handel på Palmafossen er og vil for ei stor del bli bilbasert, grunna avstandane til Vangen, som pt. ikkje er knytt saman med tilfredstillande gang- og sykkelforbindelse, og Vangen som regionsenter og handelsplass vil kunne svekkast.

Vidare er det uheldig at unntaksvarene nedfelt i føresegn § 4.3 i *Regional plan for attraktive senter* ikkje er lista opp i føresegnene til planen: *bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggjevarar, samt utsal frå hagesenter og større planteskular*. Det bør spesifiserast at desse varane ikkje skal ligge i senterområda, men gjerne i randsona. Samla sett så ser vi at planen ikkje i tilstrekkeleg grad følgjer opp regionale føringar og planer om handel og krav om samordna areal- og transportplanlegging, og vi vurderer å fremje motsegn til dette.

#### Mineralressurser og massehandtering

I dei nasjonale forventningane til regional og lokal planlegging (frå mai 2019) er det forventa at tilgangen til, og lagring av, byggjerastoff vert sett i eit regionalt perspektiv. Det er sett som viktig med korte transportavstandar og reduserte klimagassutslepp ved uttak av byggjerastoff (pukk, grus, sand) til byggje- og anleggsformål, og at mineralske massar av god kvalitet vert gjenvunne som byggjerastoff der dette er mogeleg.

I planomtalen til arealdelen er det i kapitel 1.10 omtale av sand- og grusressursar i det nye heradet, og vurdert at omlag 10 millionar m<sup>3</sup> kan vere tilgjengeleg for uttak til veg- og betongføremål, noko som ifølgje planomtalen vil vere tilstrekkeleg til at heradet vil vere sjølvforsynt med desse byggjerastoffa i mange hundre år framover. Overslaga er samanfallande med vurderingar i NGU-rapport 2005.021 «*Fornying av Grus- og Pukkdatabasen i Voss kommune. Grunnlagsmateriale for arealplanlegging*». Det er også nemnt to mogelege lokalitetar for uttak av pukk på Oksen-halvøya, som også er vist i NGU-rapporten. I kapittel 1.11 er det omtale av skiferførekommstar, blant anna at ressursen er avgrensa, noko som kan seiast å gjelde for alle slike ikkje-fornybare naturressursar. I arealplansamanheng kunne spørsmålet vore om det t.d. er meldt inn ønskje om utvida uttaksområde.

I kapittel 1.12 (Mellomlager og massebehov) er det positivt at ein har mellomlagra tunnelmassar på Istad industriområde, slik at dei kan kome til samfunnsnyttig bruk. Det same gjeld tunnelmassane ein vil få frå E16 frå Haugvik til Nærøydalen, hovudsakleg anortositt, som også har vore eit tema i arbeidet med reguleringsplan E16 Nærøydalen.

I kapittel 1.13 (Tunnelmassar og framtidig arealbruk) er det handtering av dei store mengdene med overskotsmassar frå felles utbygging av E16 og jernbane til Voss som er temaet. Det er positivt at det i kommunen sin planstrategi er lagt opp til å utarbeide ein samla plan for kvar ein kan ta imot desse massane på ein samfunnsnytting måte.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Det er mange fornminne og freda kulturminne i nye Voss herad, og såleis er summen av arealkonflikta liten, men eit stort tal freda kulturminne – både automatisk freda, vedtaksfreda og forskriftsfreda – er ikkje vist i plankartet som omsynssone (d) med tilhøyrande føresegner, og kommuneplanen er difor i konflikt med nasjonale kulturminneverdiar.

#### Bakgrunn

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ein heilsakapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane, skal kulturmina vera ei ressurs og gje varig grunnlag for nilevande og framtidige generasjonar sin kunnskap om kulturarven, sjølvforståing og identitet. Knytt til lokal samfunnsutvikling er kulturminne og kulturmiljø kjelde til trivsel, oppleveling og verdiskaping.

### Omsynssoner pbl § 11-8

Automatisk freda kulturminne med sikringssone må visast på plankartet som omsynssone - d, jf. plan- og bygningslova § 11-8, d. Kulturminne som ikke er freda kan også ha verneverdi, desse bør visast på plankartet som omsynssone (c) innanfor delplanområda, jf. Plan og bygningslova § 11-8, c. Bruken av omsynssoner skal i utgangspunktet kombinerast med eigna arealføremål. Føremål som til dømes ikke opnar for nye tiltak, som grønstruktur (pbl. § 11-7, 4.) og LNF (pbl. § 11-7, 5. a). Det skal vidare knytast føresegner til omsynssone (d) og retningsliner til omsynssone (c), som sikrar at verneføremåla blir ivaretakne.

### Bandlegging etter lov om kulturminne - generelt

I kommuneplanen er eit stort tal freda kulturminne – både automatisk freda, vedtaksfreda og forskriftsfreda – desse er ikke vist i plankartet som omsynssone d) med tilhøyrande føresegner. Fylkesrådmannen viser til at når dei automatisk freda kulturminna er vist på plankartet som omsynssone d (SOSI-kode H730) opplyser dette arealbruken på ein god måte. Kulturminna er bandlagt etter kulturminnelova, jf. plan og bygningslova §11-8, d. Vidare må det knytast føresegner til desse. Følgjande framlegg til føresegn, som kan tilpassast i kvart einskild tilfelle, og som i dette høvet gjeld automatisk freda kulturminne, kan til dømes vere:

*«Automatisk freda kulturminne vist som omsynssone d) (SOSI-kode H730) er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6.. Det er ikke tillate å gjøre nokon form for varige eller mellombelste inngrep som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kml. § 3. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Hordaland fylkeskommune, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.»*

### Fylkesrådmannen sitt framlegg til vedtak:

1) Planframlegget har ikke god nok sikring av automatisk freda kulturminne i nye Voss herad, viktige kulturminne er ikke vist på kart. Motsegn fell bort når ein for alle freda kulturminne legg inn omsynssone d (SOSI-kode H730), bandlagt etter kulturminnelova, med føresegn som sikrar at verneføremåla til kulturminne og kulturmiljø vert ivaretakne.

### Bandlegging etter lov om kulturminne - kyrkjestedane fra mellomalderen

I nye Voss herad er det i tillegg til to freda kyrkjer (den vedtaksfreda Granvin kyrkje og den automatisk freda Voss kyrkje) og to nedlagte mellomalderkyrkjestader (Dugstad og Finne), fem mellomalderske kyrkjegardar som er automatisk freda: Granvin, Voss, Oppheim, Vinje og Evanger.

Med unntak av Granvin kyrkjested er kyrkjestedane fra mellomalderen ikke vist som omsynssone d (SOSI-kode H730) i plankartet. Det er heller ikke knytt eigne føresegner til dei.

Riksantikvaren ber i tillegg om at følgjande tekst knytt til mellomalderkyrkjestadane innarbeidast i kommuneplanen sine føresegner:

*«Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikke har vore i bruk etter 1945 skal ikke brukast til gravlegging.  
Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak i omgjevnadane som kan verke inn på automatisk freda kulturminne er ikke tillate med mindre det ligg føre dispensasjon fra kulturminnelova.»*

### Fylkesrådmannen sitt framlegg til vedtak:

2) Alle mellomalderkyrkjestader i kommuneplanen sin arealdel må visast som omsynssone d (SOSI-kode H730) i plankartet. Dette gjeld; Evanger kyrkjested Askeladden id 84105, Voss kyrkjested id 85868, Vinje gamle kyrkjested id 85853, Oppheim gamle kyrkjested id 171934, Dugstad kyrkjested id 223860 og Granvin kyrkjested id 84408 Motsegn fell bort når omsynssone d (SOSI-kode H730) med føresegner vert lagt inn i planen.

*3) Det er knytt motsegn til Kommuneplanen med omsyn til Riksantikvaren sitt krav knytt til bruk av kyrkjegardar frå mellomalderen. Motsegn vert trekt når Riksantikvaren sine merknader er innarbeidd i føresegnehøgda til arealplanen.*

#### Næringsområde 14

Fylkesrådmannen ser at N14 Trohaug ZIP-linje får ei nær føring til Granvin kyrkje, dette er ei vedtaksfreda kyrkje med ein automatisk freda kyrkjegard. Plandokumenta har lite informasjon om nær og fjernverknaden av tiltaket og kva verknad bruk av N14 vil ha for bruk av kyrkja. Fylkesrådmannen finn at informasjon om og grunnlagsdata i planframlegget ikkje er tilstrekkeleg til å ta stilling til om tiltaket vil verka skjemmande for kyrkjestaden.

#### **Framlegg til vedtak:**

*1.a) Fylkesutvalet fremjar motsegn til N14 slik det ligg føre i saka. Motsegn vert trekt når tiltaket får betre dokumentasjon på verknader med omsyn til støy og visuell verknad på kulturminna.*

#### Næringsområde N20

N20 er vist som energistasjon og skal etablerast på Kvåle. I dag er her rastepllass og kiosk på staden, anlegget er etablert tett ved gravminnet «Ormhaug», Askeladden-ID 64247. N20 ligg vel 60 meter nordaust for kulturminnet. Føremålet er å etablere ny energifyllfestasjon og næringsbebyggelse. Fylkeskonservatoren ser at etablering av energifyllfestasjon vil føra til auka press på kulturminneverdien i området, i og med at stoppende trafikantar får mindre areal til råvelde, nye bygg og anlegg vil endre landskapet i vesentleg grad i høve til dagens situasjon. Samla sett vil tiltaket kunne vera eigna til å utilbørleg skjemma kulturminneverdiane. Konsekvensvurderinga for N20 viser ikkje i tilstrekkeleg grad momenta med omsyn til skjемming, det er heller ikkje vist til avbøtande tiltak. Grunnlaget for å ta stilling til tiltaket er for dårleg.

#### **Framlegg til vedtak:**

*1.b) Fylkesutvalet fremjar motsegn til N20, motsegn vert trekt når N20 når det ligg føre moglegheitsstudie/konsekvensanalyse av tiltaket.*

#### **Særskilde merknader i høve kulturminneinteresser:**

Vestland fylkeskommune ved Fylkesrådmannen har fleire merknader til planframlegget. Med omsyn til kulturminneverdiane i det nye heradet vil merknadane kunne bidra til eit betre planframlegg og styringsreiskap.

#### Omsynssoner pbl § 11-8 – Omsynssone c for bevaring av kulturmiljø

I framlegg til arealplan er det lagt inn seks omsynssoner c, (SOSI-kode H570) for bevaring av kulturmiljø.

Alle desse gjeld kunstnarheimar og ein kunsthandverksskule:

- *Bergslitræet*. Eit husmannsplass i Prestegardsmoen der dei to kunstnarane Knud og Brynjulf Bergslien vaks opp.
- *Tintrabakken, Kunsthåndverksskulen og Rosereiret* (inklusive Dagestadmuseet), på Gjernes. I Tintrabakken budde kunstnarparet Helena Bu og Magnus Dagestad frå 1902-1920. Norsk Kunsthåndverksskule er teikna av Magnus Dagestad. Rosereiret var heimen til kunstnaren Magnus Dagestad frå 1920 til han døydde i 1957.
- *Sævelid*. Teikna av kunstmålaren Lars Osa. Dette var heimen til både han, deretter sonen, spelemannen Sigbjørn Osa, og no skodespelaren Liv Osa.
- *«Slottet»*. Gildehuset til diktaren Knut Horvei, ved Bolstad, teikna av Magnus Dagestad.
- *Stove etter Styrk Hirth*. Stova etter treskjeraren Styrk Hirth ligg på Mørkve i Myrdalen.
- *«Gamlestova»*. Barndomsheimen til skodespelaren Lars Tvinde, på Tvinne.

Under § 2.12.5 i føresegner og retningslinjer til kommuneplanen står det:

*«Kunstnarheimane i Voss herad bør ivaretakast som kulturminne/kulturbrygg. Dette for å sikra dei kulturhistoriske verdifulle eigedommane mot uynskte tiltak/inngrep. Det er difor lagt inn ei omsynssone rundt desse. Det bør ikkje skje tiltak som reduserer verneverdien. Alle tiltak er søknadspliktige, og Voss herad må henta inn uttale frå fylkeskonservatoren før tiltak vert sett i verk. Fylgjande kunstnarheimar har fått omsynssone – vern kulturbrygg: [...]»*

Fylkesrådmannen meiner det positivt at det i planframlegget er lagt inn omsynssone H570 for kunstnarheimane / kunsthandverksskulen, kulturminne som vert vurdert å ha høg regional verdi. Retningslinene er likevel ikkje tilstrekkeleg til å sikra at verneføremål vert sikra. Fylkesrådmannen ber om at Voss herad er tydelege på Kunstnarheimane sin staus som kulturminne og at ein endrar omgrepet frå «bør» ivaretakast som kulturminne til «skal» ivaretakast som kulturminne. Eit framlegg retningsline kan til dømes vere:

- «Omsynssone c (SOSI-kode H570)

*Omsynssone c for bevaring av kulturmiljø. Kunstnarheimane / kunsthandverksskulen med kulturmiljø i Voss herad skal ivaretakast som kulturminne. Dette for å sikra dei kulturhistoriske verdifulle eigedomane mot uynskte tiltak eller inngrep. Det er difor lagt inn ei omsynssone rundt desse. Det skal ikkje skje tiltak som reduserer verneverdien. Alle tiltak er søknadspliktige, og Voss herad må henta inn uttale frå fylkeskonservatoren før tiltak vert sett i verk. Fylgjande kunstnarheimar har fått omsynssone – vern kulturygg: [...]»*

#### Framlegg til vedtak:

- 2.a) Retningslinene for omsynssone c / H570 rundt kunstnarheimane og kunsthandverksskulen på Voss er ikkje konkrete nok for å sikre dei regionale kulturminneverdiane. Utvalet ber Voss herad om å vere tydelege på at Kunstnarheimane skal ivaretakast som kulturminne.

I planframlegget er det ikkje lagt inn omsynssone c (SOSI-kode H570) for andre kulturminne eller kulturmiljø enn dei kunstnarheimane/ kunsthandverksskulen som er nemnt ovanfor.

Fylkeskommunen var våren 2019 i dialog med Voss kommune om omsynssoner H570 rundt mellom anna kunstnarheimane, og skreiv mellom anna følgjande i eit brev av 21.03. 2019:

- «Dei kulturminna som kommunen har prioritert i kommunedelplanen for kulturminne (kulturminneplanen), må i kommuneplanen leggast inn som omsynssoner med tilhøyrande retningsliner.
- Voss kommune har fått tilskot til å revidere den gjeldande kulturminneplanen, og til å legge inn i Askeladden dei kulturminna som er prioritert i gjeldande og i revidert kulturminneplan.
- Det er viktig å merke seg at kommunen kan søke fylkeskommunen om tilskot til verneverdige bygningar og anlegg, og at det då blir gitt prioritert til kulturminne som har ei omsynssone og som kommunen har prioritert i sin kulturminneplan. Også Kulturminnefondet legg vekt på dette i sine tildelingar av tilskot.»

Fylkeskommunen meiner at det er viktig at verdifulle kulturmiljø får eigne omsynssonar før arealplanen vert vedteken, slik at viktige kulturminner vert gjort synlege, og slik at det vert enklare å forvalte kulturminneinteressene opp mot andre interesser.

#### Framlegg til vedtak:

- 2.b) Voss herad bør arbeide vidare med å definere fleire omsynssoner H570 for bevaring av kulturmiljø, og desse bør leggast inn i kommuneplanen. Vestland fylkeskommunen ber om at Voss herad prioriterer arbeidet med ein revidert kommunedelplan for kulturminne.

#### Listeførte kyrkjer – sikringssoner og omsynssoner H570

I nye Voss herad er det tre listeførte kyrkjer kor tiltak i dei nære omgjevnadane skal handsamast av ulike myndigheter. Fylkeskommunen skal etter rundskriv T-3/00 «Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø» handsame nye tiltak innanfor 60-meterssona frå kyrkja i spreidtbygde område. Ved varsel om oppstart av arealplaner, ved offentleg ettersyn og i byggesaker, skal fylkeskommunen vurdere planens verknad på sjølve kyrkja og kyrkja sine omgjevnader. Listeførte kyrkjer i Voss herad er Evanger kyrkje, Oppheim kyrkje og Raundalen kyrkje. For å lette kommunen si sakshandsaming, rår vi til at 60-meterssona vert lagt inn i plankartet og skildra i retningslinene.

Vidare rår fylkeskommunen til at det for dei tre listeførte kyrkjene vert lagt inn omsynssone H570 med tilknytte retningsliner. Nedanfor er eit par døme på retningsliner, henta frå andre listeførte kyrkjer:

«Sone [...] er omsynssone rundt [...] kyrkje. Tiltak innanfor sona skal ta omsyn til kulturmiljøet gjennom formgjeving og materialbruk. Søknader om tiltak skal sendast kulturminnemyndet for vurdering.»

Eller:

«Sone [...] er omsynssone rundt [...] kyrkje og tilhøyrande gravplass. Ved vedlikehald og utbetringar skal fasadeuttrykk og konstruksjon takast vare på. Fasadeelement skal så langt som mogeleg takast vare på i sin opphavlege tilstand. Ved naudsynt utskifting skal ein bruka same type material som originalt eller tilsvarande. Gravplassen sin form, funksjon og inndeling i felt skal bevarast. Gravplassmuren skal takast vare på, og ved naudsynt utskifting og reperasjon skal ein nyttja same material som originalt eller tilsvarande. Søknader om tiltak skal sendast kulturminnemyndet for vurdering.»

#### Framlegg til vedtak:

2.c) Plankartet bør vise 60-meters sikringssone kring dei listeførte kyrkjene, jf. kyrkjerundskrivet, T-3/2000.

2.d) Dei listeførte kyrkjene bør omfattast av omsynssone c (SOSI-kode H570) med tilknytte retningsliner.

#### Deponiområde

Av dei områda som i kommuneplanen er sett av til mottak av tunnelmassar, og som ligg innafor den definerte senterstrukturen, har Vestland fylkeskommune merknader til to av områda. Fylling i sjø endrar og påverkar landskapet, og endrar på den opphavlege strukturen i eit område. Dette er særleg kritisk i område med store kulturminneinteresser, slik som Evanger sentrum. Også for området for massedeponi på Bolstad, er vi uroa for omfanget av tiltaket, då eldre gardsstrukturar og kulturmiljø inngår i det avsette området. Det er viktig at kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap vert vurderte og teken omsyn til i det vidare arbeidet.

#### Framlegg til vedtak:

2.e) Føresegn og retningsliner bør sika at areal som gjeld utfylling i sjø, vert sendt til regionalt kulturminnemynde.

#### Ny arealbruk

For fortettings tiltaka B19 Sivlevegen/Grovegen og B26 Hangursvegen er det viktig at ein tek omsyn til områdekarakteren. Det bør vidare vurderast å redusere omfanget av tiltaka.

For tiltaka B39 Tjoflot og B40 Bakkane ber Vestland fylkeskommune om at ein tek omsyn til eksisterande gardstun, bygningsmasse og kulturlandskap.

Innafor planområdet til B44 Raaberget ligg eit eit automatisk freda kulturminne (Askeladden-ID 15939-1) og krigsmennelokaliteten Tvidemoen leir (Askeladden-ID 221524). Tidlegare synfaringar i området viser fleire kulturminne i området og verneverdien til desse kulturminna må vurderast og takast omsyn til gjennom reguleringsplan for området.

Planområdet til B45 Vinje bør av omsyn til det særskilt verdifulle kulturmiljøet på Vinje reduserast eller takast ut av planen. Planområdet ligg innafor det som i kommuneplanen er definert som Vinje nærsenter. Vestland fylkeskommune har kulturminnefaglege merknader knytt til omfanget av nærsenterplanen for Vinje, som igjen vil påverke dette tiltaket. Vestland fylkeskommune si vurdering er at Vinje nærsenter er for stort, og bør avgrensast i omfang i nordaust, av omsyn til det særleg verdifulle kulturmiljøet på Vinje. Arealplanen sine forslag til ny arealbruk er ikkje registrert i felt og kulturminnevernet må ta etterhald om eventuelle automatisk freda kulturminne i samband med ny arealbruk.

#### Framlegg til vedtak:

2.f) Vinje nærsenter bør av omsyn til kulturmiljøet på Vinje avgrensast i omfang i nordaust.

2.g) For tiltaka B19, B26, B39, B40, B44 og B45 ber ein Voss herad om å ta omsyn til dei særskilte merknadene i høve kulturminneinteresser.

*2.h) Det er ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i kommuneplanen sitt areal. Vestland fylkeskommune må ta etterhald om nye byggeområde og andre tiltaksområde fram til ei vurdering av §§ 3 og 9 i kulturminnelova er oppfylt.*

### Riksantikvaren sitt innspel til kommuneplanen

Riksantikvaren sitt innspel dreiar seg om konsekvensar for automatisk freda kyrkjer og kyrkjestedar frå mellomalderen som Riksantikvaren har førstelineansvar for, samt Granvin kyrkje som er vedtaksfreda.

Kyrkjestedene frå mellomalder er kulturminne av nasjonal verdi. For å synleggjere at dei mellomalderske kyrkjestedane er automatisk freda kulturminne, skal dei visast som omsynssone d) bandlag d etter kulturminnelova i plankartet og omtala i føresegndene , jf. pbl. § 11 - 8, SOSI - kode H - 730. Omsynssone d) skal ha svart rutenettskravur. Det er ikkje gjort for alle kyrkjestedene i plankartet, og Riksantikvaren ber om at dette blir retta opp.

Riksantikvaren meiner at planen hadde vore betre for kommunen sine sakshandsamarar og innbyggjarar dersom den hadde hatt ein spesifikk omtale av viktige kulturminne.

Fordi det er einskilde spesielle utfordringar knytt til forvaltinga av mellomalderkyrkjestadene, ber Riksantikvaren om at følgjande tekst knytt til mellomalderkyrkjestadane vert innarbeid d i kommuneplanen s ine føresegner:

*«Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.*

*Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak i omgjevnadene som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.»*

Planforslaget skildrar få konkrete tiltak, og Riksantikvaren sitt innspel er difor generelt. Det er viktig at ein ved planlegging av tiltak i kyrkjestedene sine nærmeste omgjevnader tar tilstrekkeleg omsyn til dei , slik at kyrkjestedene sin kunnskaps - og opplevingsverdi kan takast vare på for framtida.

Når det gjeld Voss mellomalderkyrkje og -kyrkjegard syner Riksantikvaren til innspela frå kulturminnestyresmaktene til områdereguleringa for Vossevangen.

### Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har vesentlege merknader til planforslaget, og vi vurderer å tilrå motsegn. Grunngjevinga omsynet til senterstruktur og kulturminneinteresser.

Motsegn skal handsamast politisk og vil krevje lengre sakshandsamingstid. Vi inviterer til dialogmøte i januar, og ber om ein snarleg tilbakemelding på når det kan passe.

Eva Katrine R. Taule  
Kst. plansjef

Liz Eva Tøllefsen  
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlarar:

Liz Eva Tøllefsen, Seksjon for plan -REGIONALAVDELINGA

Jostein Aksdal, Fylkeskonservatoren - KULTUR OG IDRETTSAVDELINGA

Helene Moe, Fylkeskonservatoren - KULTUR OG IDRETTSAVDELINGA

Gunnbjørg Austrheim, Fylkeskonservatoren - KULTUR OG IDRETTSAVDELINGA

Jomar Ragnhilstveit, seksjon for klima- og naturressursforvaltning - REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, Samferdselsavdelinga